

Hemmelig.

Dette eksemplar bedes tilbakelevert Stortingets kontor når saken er behandlet av Stortinget.

Innst. S. L.

Tilråding frå den styrkte finans- og tollnemnda om statsgaranti for pantelån i eit flytande sildekokeri ved Islandsfisket.

(St. prp. nr. 104, 1939.)

Til Stortinget.

Norske fiskarar har heilt frå midten av førre hundradår drive sildefiske ved Island. Etter som åra gjekk fekk dette fisket meir og meir å segja for norsk fiskerinæring. Fleire og fleire ekspedisjonar fór dit i sesongen, fiska og salta sild. I 1895 vart det under dette fiske salta kring 100 000 tønner sild av norske ekspedisjonar.

Kring hundradårskifte tok havfiske etter sild til ved nordkysten av Island. Det var frå først av helst garnfiske som vart drive, seinare vart snurpenota tatt i bruk. Det økonomiske resultat av fisket var bra, og det kvantum saltsild havfiskeflåten produsera steig etter som åra gjekk.

Havfiskeflåten salta frå først av silda ombord, men etter kvart ordna ekspedisjonane seg så at silda vart ført til land og salta der. Seinare bygde nordmenn sildeolje- og sildemjølffabrikkar på Island og var pionerar på dette omkverve der.

Etter som åra er gått, har islendingane meir og meir kome med i dette sildefiske. Fiskeflåten deira er blitt større og større, og fangsten av sild har auka i tilsvarende grad. Sildeoljeindustrien på Island er etter kvart kome over på islandske hender og nå er det berre att ein norsk sildeoljefabrikk på Island. Denne utviklinga har ført til sterk konkurranse mellom Island og Noreg på dette omkverve og har skapt mange vanskar for norsk sildefiske ved Island. Det norske islandssildefiske som før vart rekna for å vera eit tolleg lønsamt fiske, har i dei seinare åra vorte til ei tvilsom økonomisk forretning. Ofte har ekspedisjonane berre ført til tap.

Til administrasjonen er det difor i dei seinare åra kome ei mengd oppmodingar om at det offentlege må ta denne saka opp til alvorleg drøfting, då sildefiske ved Island er av stor interesse for norsk fiskerinæring i det heile.

Den 8 november 1939 sette Handelsdepartementet ned eit utval som skulde drøfta

denne saka nærare. Utvalet fekk til oppgåve å kome med framlegg kva det frå statens side kunde gjerast for å hindre at det norske sildefiske ved Island skulde bryte saman.

Utvalet har i mars 1939 kome med si tilråding. Denne fylgjer proposisjonen som trykt vedlegg, og ein syner til den.

Finansdepartementet kom så med sin proposisjon kring midten av mai. I denne heiter det mellom anna:

«I innstillingen er utførlig redegjort for Islandssildfiskets utvikling og nåværende stilling samt for de foranstaltninger det etter utvalgets mening kan bli tale om å treffe. Det henvises hertil.

Som det sees kommer utvalget etter å ha drøftet de forskjellige muligheter enstemmig til at det bør utrustes og sendes til Island et flytende sildekokeri som skal overta sild fra fiskerne på feltet, og der produsere et halvfabrikat for sildolje- og sildemelindustrien etter ingeniør Nygaards metode. Prosessen, som går ut på inndampning av råstoffet til holdbar masse, har tidligere vært anvendt på hvalkjøtt av A/S Norske Hvalprodukter, som i den anledning i 1935 fikk statsgaranti for et lån på kr. 450 000. Garantien ble ikke effektiv, idet lånet ble betalt tilbake i sin helhet etter endt hvalesong. Ved kgl. resolusjon av 11 februar og 13 mai 1938 fikk Knarrevik Sildoljefabrikk A/S lån på tilsammen kr. 125 000 av bevilgningen til industrielle tiltak under kap. 1165 til prøving av metoden i fabrikkmessig målestokk for sild. Denne støtte ble gitt spesielt med henblikk på, såfremt resultatene av forsøkene svarte til forventningene, å installere Nygaardsanlegg i et flytende kokeri og anvende det under Islandsfisket. Ifølge rapporter fra styrer Notevarp ved Statens Fiskeriforsøksstasjon av 9 september 1938 og av 20 februar 1939 har resultatene vært tilfredsstillende.

Det nedsatte utvalg innledet på et tidlig tidspunkt samarbeide med disponenten for Knarrevik Sildoljefabrikk A/S, herr S. Bartz-Johannessen, som innehar patentretten. Utvalget forutsetter at det påtenkte flytende anlegg finansieres og drives av et selskap under ledelse av direktør Bartz-Johannessen. Det anbefaler på nærmere angitte vilkår statsstøtte etter 2 alternativer, etter som en bestemmer seg for et skip på ca. 10 000 tonn d.w.

utstyrt med 2 Nygaards-aggregater, eller et skip på 6 à 7 000 tonn d.w. utstyrt med 1 Nygaards-aggregat. Etter begge alternativer foreslås statsgaranti for et pantelån i vedkommende skip samt garanti mot feilslått fiske. Med hensyn til valg av alternativ, fant utvalget at det i vesentlig grad må bero på hvilken tilslutning de interesserte norske fiskere vil gi saken. Herom forelå det da innstillingen ble avgitt ikke full oversikt.»

I skriv av 13 februar 1939 har direktør Bartz-Johannessen søkt Kommissjonen for nye Arbeidstiltak om statsgaranti for eit 2. prioritets-lån på kr. 300 000 i eit flytande sildekokeri.

Han rekna då med å få D/S

«Ronald» for	kr. 500 000
Innstallasjon av det maskineri som trengst	» 350 000
Driftskapital	» 250 000

I alt trengst kr. 1 100 000

Denne kapital tenkte han reist soleis:

1. prioritets pantelån i skipet ... kr. 300 000
 2. prioritets pantelån, statsgarantiera
- | | |
|------------------------------|-----------|
| » | 300 000 |
| Kontant — aksjeselskap | » 500 000 |

Utanom statsgaranti for dette pantelån søkte òg Bartz-Johannessen om statsgaranti om sildefiske ikkje slo til. Skulde drifta verta lønsam måtte sildekokeriet ta mot minst 10 000 tonn sild. Dersom ikkje fiskarane kunde levera dette kvantum skulde staten yte eit årleg tilskot opptil kr. 175 000 ved heil bomtur, likevel ikkje meir enn kr. 500 000 i løpet av 5 år. Denne søknaden er lagt fram for det utvalet som Handelsdepartementet sette ned, for Tiltakskommisjonen, for fiskeridirektøren, for formannen i representantskapet for Islandssildefiskernes forening. Alle har tilrådd søknaden. — Jfr. proposisjonen side 2—3.

Handelsdepartementet uttalar i skriv til Finansdepartementet 14 april d. å. mellom anna:

«Handelsdepartementet slutter seg helt ut til de foreliggende uttalelser om den overordentlig store betydning det har for den norske havfiskeflåte at Islandssildfisket bringes opp på lønnsom basis og anser den av utvalget foreslåtte ordning med at der skapes bedre avsetningsmuligheter for norskfanget sild til sildolje og sildmel, som den etter omstendighetene beste løsning.

Handelsdepartementet vil derfor anbefale at der til kommende Islandssildfiske søkes gjennomført en ordning som den av utvalget foreslåtte og som forutsetter en offentlig garanti for et annet-prioritetslån i vedkommende fartøy.

Som det ses har utvalget enstemmig anbefalt at der søkes en løsning på basis av et flytende kokeri utstyrt med inndampningsmaskineri etter Nygaards metode og i sam-

arbeid med firma S. Bartz-Johannessen, Bergen. Utvalget har konkludert med å anbefale på visse vilkår 2 alternativer, et større og et mindre. Spørsmålet om valg av alternativ bør etter utvalgets oppfatning til en viss grad være avhengig av hvilken tilslutning saken får fra fiskernes side, og at det selskap som påtar seg finansieringen og gjennomførelsen av driften er med på å ta avgjørelsen i spørsmålet om valg av alternativ og fartøy.

Det er ennå for tidlig å ha full oversikt over hvilken tilslutning fiskerne vil gi foretagendet, men en antar at en slik oversikt vil foreligge om kort tid.

Såfremt fiskerne gjennom tilslutning til det kontraktforslag som nå er utsendt fra S. Bartz-Johannessens firma, viser en sådan tilslutning at firmaet vil gå inn for finansieringen av en ekspedisjon på basis av det største alternativ i utvalgets innstilling, vil Handelsdepartementet anbefale at der blir ytet den statsgaranti som komiteinnstillingen forutsetter for dette alternativ, nemlig en statsgaranti for et annet-prioritetslån på kr. 300 000, i ekspedisjonsskipet.

Handelsdepartementet legger vesentlig vekt på et en løsning som den av utvalget foreslåtte tar sikte på å komme den samlede norske sildefiskeflåte ved Island til hjelp. En anser således den støtte fra det offentlige som det blir spørsmål om som en kriseforanstaltning til fordel for denne del av fiskerflåten, som ellers i forholdsvis liten utstrekning har nydt godt av de kriseforanstaltninger som fra det offentlige side er ytt til opphjelp av fiskerinæringen.

Det er departementets forutsetning at der overensstemmende med de retningslinjer som er skissert i utvalgets innstilling, blir sluttet avtale med vedkommende firma som skal drive ekspedisjonsskipet angående de nærmere betingelsene for statsgarantien. En har imidlertid gått ut fra at dette spørsmål kan tas opp når det er bestemt at statsgarantien blir gitt.»

Handelsdepartementet hadde frå først av tenkt på å realisere planen om eit flytande sildekokeri ved Islandsfisket alt i år, men ymse ting kom i vegen så det vart uråd.

Det lå likevel føre eit tilbod om å få kjøpt eit høveleg ekspedisjonsskip, og Handelsdepartementet var av den meining at det var om å gjere å sikre seg dette. Det skip ein hadde på hand var D/S Ronald som høyrer til A/S Hektor, Tønsberg. Dette skipet er på ca. 10 000 tonn, og ein har det på hand til 15 juni d. å. for kr. 600 000. Dei sakkunige som har sett på skipet, meiner det er sers høveleg til ekspedisjonsskip og at prisen er rimeleg. Handelsdepartementet rekner med at ein kan få prisen for skipet ned i kr. 550 000 og rår til at det vert gjeve statsgaranti for eit 2. prioritetslån på kr. 275 000 etter eit 1. prioritetslån på kr. 275 000. Eit aksjeselskap skulde så overta denne båten og disponere han.

Ved sida skulde det skipast eit selskap som skulde drive sildekokeri. Dette selskapet

skulde installere det maskineri som trongst til sildekokeriet i båten og ha denne vederlagsfritt i den tid sildefisket ved Island stod på.

Dei andre spørsmåla om garanti mot feilslått fiske o. l. lyt stå ut til komande år.

Finansdepartementet er samd med Handelsdepartementet i at det er om å gjere å sikre seg D/S Ronald og rår til at det vert gjeve statsgaranti for eit 2. prioritetslån på kr. 275 000 etter eit 1. prioritetslån på kr. 275 000 og at staten tar $\frac{1}{3}$ av aksjekapitalen i det selskapet som skal disponere båten.

Nemnda har under drøftinga av denne saka vore styrkt med tvo medlemmer av sjøfart- og fiskerinemnda: Strand og Vinje.

Den styrkte nemnda er samd i at det er av stor interesse å hindre at norske fiskarar blir slått ut av sildefisket ved Island. Det er difor om å gjere å finne boteråder som duger.

Det utvalet som har arbeidt med denne saka, har vore inne på fleire alternativ, men har serleg festa seg ved å reide ut eit stort skip som flytande sildekokeri og sende dette opp til Island i den tida sildefisket går føre seg. Andre sakkunnige og departementa, som har havt med denne saka å gjere, har slutta seg til denne planen.

Fleirtalet i nemnda: Borch, Haavardstad, Hognestad, Larsen, Moan, Moseid, Rong, Strand, Syltebø og Øraker slutter seg i det store og heile til proposisjonen. Etter det som ligg føre er det om å gjere å sikra seg ein høveleg båt til sildekokeri. Ein slik har ein no på hand, og fleirtalet meiner at Finansdepartementet bør få fullmakt til å garantere for eit 2. prioritetslån i den båten eller ein liknande. Fleirtalet ser det likevel så det er mindre praktisk å skipa tvo selskap — eit for båten og eitt for sjølve sildekokeriet — ein meiner det bør vere eit selskap. Om dette spørsmålet har det vore tinga med Handelsdepartementet, som i brev av 7 ds. skriv til Finansdepartementet:

«Under de vidare drøftelser i saken, bl. a. med Stortingets forsterkede finanskomité, har det vist seg vanskelig å finne en solid økonomisk basis for det aksjeselskap som i henhold til Handelsdepartementets tidligere uttalelse forutsattes å skulle disponere skipet. Handelsdepartementet er derfor i samråd med direktør Bartz-Johannessen kommet til at ekspedisjonen for fremstilling av sildolje og sildemel under islandsfisket bør baseres på ett selskap som eier skipet og som driver såvel produksjonen av det nevnte halvfabrikat ved Islandsfeltet som den etterfølgende ferdigproduksjon av sildolje og sildemel. Forutsetningen er da at Bartz-Johannessens nåværende anlegg i Knarrevik, hvortil Staten ved det ærede Departements foran-

ledning tidligere har ydet en lånegaranti på kr. 125 000, blir benyttet i forbindelse med det her omhandlede anlegg. Anlegget i Knarrevik opplyses i dag å stå eieren i kr. 200 000.

Det her omhandlede selskap antas i anleggskapital å trenge ca. kr. 1 100 000 fordelt på følgende hovedposter:

1. Til innkjøp av skip	kr.	600 000
2. Til installering av maskineri for produksjon av halvfabrikata, pumper etc. i henhold til tidligere oppgaver .	»	350 000
3. Til installering av maskineri for ferdigproduksjon	»	150 000
		<u>Tilsammen kr. 1 100 000</u>

Denne kapital foreslås tilveiebragt således:

1. 1. prioritets pant i skipet ...	kr.	300 000
2. 2. prioritets pant i skipet ...	»	300 000
3. Overtagelse av Statens lån i Knarrevik-anlegget	»	125 000
4. Bartz-Johannessens andel i Knarrevik-anlegget	»	75 000
5. Aksjekapital	»	300 000
		<u>kr. 1 100 000</u>

Aksjekapitalen kr. 300 000 forutsetter en at vedkommende firma skaffer til veie.

Den fornødne driftskapital mener vedkommende firma som skal drive produksjonen å kunne oppnå gjennom vanlig kassakredittlån i bank.

Videre har Bartz-Johannessens firma frem satt et nytt forslag til avtale vedrørende statsgaranti mot feilslått fiske, et forslag som bygger på en noe høyere garanti enn den som er forutsatt i den nedsatte komité's innstilling.

Nårværende departement er enig med det ærede Departement i at spørsmålet om denne garanti bør utstå, idet Handelsdepartementet bearbejder disse planer nærmere i samarbeid med direktør Bartz-Johannessen, og at saken deretter forelegges for Stortinget over nyttår.

Imidlertid vil Handelsdepartementet foreslå at den på foranledning av det ærede Departement nevnte hemmelige proposisjon nr. 104 for 1939 endres derhen at statsgarantien for 2. prioritets pantelån forhøyes til kr. 300 000 med prioritet nest etter kr. 300 000. Det bemerkes at det offentlige har fått håndgitt D/S «Ronald» inntil 15 ds. for en pris av kr. 600 000 under forutsetning av at Stortinget slutter seg til forslaget om en statsgaranti for et 2. prioritets pantelån i skipet.

Handelsdepartementet tør videre anbefale at nevnte lånegaranti i Knarrevik-anlegget, stort kr. 125 000, blir overført til det anlegg som det i henhold til ovennevnte plan nå er tanken å basere produksjonen ved Island på.»

Finansdepartementet har ved påteikning av 8 juni d. å. sagt frå at det er samd med Handelsdepartementet i den siste planen. Det er likevel føresetnaden at Knarrevik Sildoljefabrikk A/S framleides skal stå skuldansvarleg ved sida av det nye laget for det lånet på kr. 125 000 som er gjeve ved kgl. resolusjon av 11 februar og 13 mai 1938.

Fleirtalet er òg samd i den nye planen at det berre skal vera eitt selskap. Ein meiner òg det er heilt forsvarleg at Finansdepartementet får fullmakt til å garantera for opp-til kr. 300 000 for eit 2. prioritets pantelån i det skip som skal kjøpast. Dette spursmålet meiner fleirtalet bør avgjerast no, då det vil gå lang tid med installasjon av det maskineri som trengst til sildekokeriet. Dette arbeid bør etter fleirtalets meining vere ferdig til sildefisket tar til hos oss. Då kan det vere høve til å prøve sildekokeriet før Islandsfisket tar til.

Spursmål om statsgaranti til sildekokeriet mot feilslått fiske, går ein ut frå vil verte lagt fram for Stortinget komande år. Til den tid ventar ein òg at departementet har nærare oversyn over den tilslutning dette sildekokeri har millom dei aktive sildefiskarar ved Island.

Komiteens medlem Hognestad finner at det er av stor interesse at et flytende sildekokeri på Island blir prøvet, men finner det uheldig at dette sildekokeri driver konkurranse på kysten med allerede eksisterende sildeoljefabrikker som vi fra før av har for mange av.

Mindretallet, formannen, Bærøe, Michelsen og Vinje, skal anføre, at da det flytende kokeri ikke kan komme i drift under inneværende års sildefiske, bør saken utstå til neste år, så den kan fremlegges

nærmere utredet. Det forutsettes at saken optas til fornyet behandling snarest i 1940 og at der da bl. a. også foreligger opgaver over hvilken kontraktsmessig tilslutning foretagendet kan sikre sig fra sildefiskerne.

Ved den i år avsluttede handelsavtale med Island er der betydelige endringer i bestemmelsene bl. a. om leveranse av fabriksild til en landstasjon. Ved utsettelsen vilde en også vinne erfaring for hvordan denne avtale virker og derved også nærmere klarlagt om der er tilstrekkelig behov for en flytende fabrikk.

Etter dette vil nemnda rå Stortinget til å gjere dette

vedtaket:

Finansdepartementet får fullmakt til på staten sine vegne å stille garanti for eit 2. prioritets pantelån, stort opptil kr. 300 000 med prioritet nestetter kr. 300 000 i skip som er tenkt kjøpt til flytande kokeri til bruk ved Islandsfisket. Statsgarantien vert gjeven i det store og heile i samsvar med tilråding frå Finansdepartementet 5 mai 1939 og den endra plan som Handelsdepartementet la fram 7 juni d. å. og som Finansdepartementet sa seg samd i 8 juni 1939.

Oslo i finans- og tollnemnda 12 juni 1939.

Ivar Lykke,
formann.

Torvald Haavardstad,
ordfører og sekretær.